



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 08.02.2016
Vår ref.: 2015/2147-258
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Driftsstønad til institusjonar/organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2016

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2016 i møte 08.12.2015, sak 95/15, og har tildelt **Hansadagane 2016** eit tilskot for 2016 på

kr 1.000.000,-

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar innsendte søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga v. seksjonsleiar for fagfeltet.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylt.
- Den regionale kulturplanen vil verte styrande for framtidige tildelingar av tilgjengelege midlar som Hordaland fylkeskommune fordelar.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottok meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

SØKNAD OG RAPPORTERING:

Fylkestinget vedtok i 2014 å innføre ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstilskot, med oppstart frå og med 2016. Vedtaket føreset at dei økonomiske rammene i 3-års perioden er til stades, og det vert teke atterhald om evt. reduksjonar i driftstilskotet i perioden dersom desse føresetnadene skulle endre seg.

Mottakar pliktar å innrette seg etter og ta høgde for evt. endringar/ reduksjonar i tilskotet i 3-års perioden, då Fylkestinget etter kommunelova må vedta budsjettet kvart år. Utbetaling av driftsstønad er ikkje juridisk bindande for fylkeskommune før årsbudsjett for kvart av dei tre åra er vedteke.

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding innan 1. april kvart år.

Vi gjer merksam på at det kan kome endingar i denne tre-årige ordninga. I så tilfelle vil det verte sendt ut informasjon om dette.

UTBETALING

Om ikkje anna er avtalt vert tilskot betalt ut i løpet av 2.kvartal. Når det gjeld tilskot på meir enn 1 million skjer utbetaling 2 – 4 gongar årleg.

REGIONAL KULTURPLAN

Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 legg føreseielege rammer for regionale satsingar innan museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i åra fram mot 2025. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å sjå dei ulike ressursane i samanheng, for å styrkje samvirket mellom forvaltningsnivåa og mellom offentleg, privat og frivillig sektor. For å nå målet om Hordaland som leiande kulturregion inneber dette mellom anna at kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping. Handlingsprogrammet for 2015-2018 inneheld dei tiltaka som skal bidra til å nå målsetjingane i kulturplanen. Føresetnad for det regionale driftstilskotet er at verksemda set seg inn i innhaldet i regional kulturplan og arbeider i høve dei målsetjingane og tiltak som den gir for det aktuelle feltet.

Fokus på barn og ungdom er ei gjennomgåande satsing i kulturplanen. Hordland fylkeskommune oppmodar difor om å legge til rette også for desse målgruppene.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.